


# BYGGRETTEIAR

Mobø bustadfelt i Raulandsgrend

06.05.2026

Mikrohuslandsby

# Mobø



## MIKROHUS

- 14 stykk frittståande mikrohus på 30 m<sup>2</sup>, carport 24 m<sup>2</sup> og sportsbod 10 m<sup>2</sup>.
- Mikrohusa er omfatta av forenkla reglar i byggtknisk forskrift (TEK17).
- Det kan etablerast uteplass med høgde inntil 50 cm over ferdig terreng, med eit maksimalt areal på 12 m<sup>2</sup> BYA. Uteplassen inngår ikkje i utrekning av tillaten total utnytting.
- Tomta for mikrohus må hevast om lag 0,3 m i samsvar med flaumrapport. Høgder målast på staden.
- Hovudbygget skal ha saltak eller anna skråtak med takvinkel minimum 12 grader og maksimum 35 grader.
- Gesimshøgda skal ikkje vere høgare enn 3,5 meter målt frå overkant golv (OK-golv).
- Husa skal førast opp i trevirke med avdempande jordfargar.
- Fasadedetaljar av glas og matt metall er tillate.
- Varmepumpe skal vere hovudkjelde til oppvarming. Det skal i tillegg leggjast til rette for ei alternativ energikjelde, til dømes biopeis, vedovn eller tilsvarande.
- Det er tillate å montere solceller på tak eller fasade, føresett at desse har ikkje-reflekterande overflate.
- Mikrohusa bør utformast med stor grad av fleksible og multifunksjonelle løysingar for innandørs lagring og oppbevaring.



30m<sup>2</sup> mikrohus +  
10m<sup>2</sup> bod

Illustrasjonane er henta frå Norske mikrohus – konseptutvikling Mobø



## EKSEMPEL PÅ TYPE MIKROHUS:


- 3D-foto av mikrohus "Flor", teikna av Norske mikrohus AS og henta frå planomtala for Mobø.

# BYGGRETTEIAR

Mobø bustadfelt i Raulandsgrend

Mikrohuslandsby

# Mobø



## FLEIRMANNSBUSTADER


- Det kan førast opp 5 fleirmannsbustader med bygningshøgde på inntil 1,5 etasje.
- Bygningskroppane skal utformast som eit atrium eller tun, som legg til rette for felles uteopphald og sosial samhandling.
- Bygga skal ha ein harmonisk og heilskapleg arkitektonisk utforming og bidra til eit samhengande uttrykk for heile området.
- Fargebruk og fasadedetaljar skal vere dei same som for mikrohusa, for å sikre eit einsarta og samordna visuelt uttrykk.

# BYGGRETTEIAR

Mobø bustadfelt i Raulandsgrend

Mikrohuslandsby

# Mobø



## FELLESHUS

- Det er vesentleg at felleshuset inneheld fellesfunksjonar for mikrohusa. Som minimum skal felleshuset romme kjøkken, bad og felles opphaldsrom (fellesstoge).
- Kan vere aktuelt med skriva- og kunstnarstoge, tørkerom/badstoge, lager, enkel verkstad, gjesterom, men dette aukar prisen på felleshuset.
- Felleshus kan oppførast med eit maksimalt bebygd areal (BYA) på 80 m<sup>2</sup>.
- Maksimal mønehøgde er 4,5 meter.
- Felleshuset skal knytast til offentleg vatn- og avløpsanlegg (VA).
- Det er høve til å etablere felleshage innanfor tomtda, til dømes landbrukshage, sanseshage, prydhage eller liknande hage- og uteoppahaldsareal.
- Mogleg finansiering gjennom sa meige.

50 m

